

KRAFTUTBYGGING I LÅRDALSÅI.

Alle me lårdølar føler at me "eig" ein bit av Lårdalsåi, difor er det ufatteleg trist at grunneigarane nå vil legge den i rør. I 1980 ville NVE bygge ut åi, men gav opp planane grunna lokal motstand. Vi håpar det same vil skje i 2014.

Å taka åi frå eit bebygt, samanhengande dalføre som Lårdal ville bli for stort inngrep, og inngrepet ville smerte alle oss som bur og er glad i bygdi. Ein er klar over at fallrettshaverane har rett til å *føreslå* ei utbygging, men det er svært mange som sit på rettar som ein ikkje kan utnytte grunna allmenne interesser

Det ligg føre 2 søknadar om utbygging; Lårdalsåi Kraftverk (nedre del) og Lårdal Kraftverk (øvre del) Søkjerane kjem med fleire argument og påstandar for utbygging som er feil/misvisande og som trengst å korrigera, mellom anna:

- *Det trengst eit kraftverk i drift "for å gje lys i husan".*
Når det gjeld "lys i husan" har VTK svært god straumforsyning til Lårdal i dag. For ordens skuld har ein sjekka med VTK. Dei bekreftar at overføringskapasiteten TIL Lårdal er god og at forsterkinga av nettet vert gjort for å få nok kapasitet til å føre straumen frå kraftverka UT av Lårdal.
- *Eit kraftverk skal gje "framtidstru og optimisme for den oppveksande slekt"*
Dette er det vel ingen som trur på. Ei bygd der svært mange kommunale tilbod er borte, og eventuelt ein rasera natur, innbyr vel ikkje til å oppretthalde busetnaden.
- *Utbygginga er "nøkkelen til framtida" for neste generasjon.*
Kva slags "nøkkel til framtida" gjev eit fjernstyrt kraftverk utan arbeidsplassar til neste generasjon. Dette er i beste fall ein grandios over/feilvurdering.
- *Fisken i åi vert omtala som «kattemat».*
Ein vert forskrekka over slik arroganse. Langs åi er det mange fiskarar som gledar seg over god fangst, fisk over 2 kg er fiska i åi. I søknaden vert det hevda at her ikkje finst ål, i vassdraget er her observera både ål og niauge.
- *Attraksjonsverde vil bli større ETTER utbygginga,.*
Ein påstand ein finn svært underleg. Lårdal er no den einaste bygda i Tokke Kommune og i Vest Telemark som har eit større vassdrag som ikkje er direkte påverka av kraftutbygging. Lårdal har i meir enn 200 år vorte kalla «Edens Hage», ein oase med eit heilt unikt klima til glede for fastbuande og tilreisande. Lårdalsåi er sjølvsagt heilt vesentleg i denne samanheng. Åi har eit stort potensiale for naturopplevingar. Gamleveg som fylgjer åi mest heile vegen, kan med liten innsats, bli ein turveg med unike opplevingar å by fastbuande og tilreisande.
- *Kraftverket vil styrke næringa på gardane ved åi, sikre lokalt eigarskap og styring.*
Ingen av fallrettane i nedre kraftverk tilhøyrer lenger gardane som ligg langs åi. Det vil seia at fallrettane er skild ut frå eigedommen og ikkje lenger er ein del av gardens ressursgrunnlag. Alle fallrettighetshaverane må difor reknast som reine investorar. Lokalt eigarskap kan ein knapt kalle det når meir enn 50 % av fallrettane tilhøyrer privatpersonar eller aksjeselskap med adresse i Oslo.

Den nedre kraftstasjonen er planlagt nær eit stort friareal, med volleyballbane, grillplass, ungdomsklubb, båthamn m.m. Like ved sidan av ligg gamle Lårdal brygge, der kanalbåtane er eit kjært innslag heile sumarhalvåret. Her ligg også vår vakre badestrand – Bakkestranda, i same område ligg også campingplassen. Området er eit viktig rekreasjonsområde for mange, ikkje bare bygdas egne. Skal dette øydeleggast av støy og negative konsekvensar frå ein kraftstasjon?

Lårdal er i Tokke Kommune markera som særleg verdifullt kulturlandskap. I søknaden vert det mellom anna peika på edellauvtre, raudlisteartar, eit rikt dyre-og fugleliv, med meir. Vidare er det mange kulturminne langs åi, restar etter gamle tider som viser den nytteverdien åi hadde. Eit av dei gamle kraftverka og resten av røyrgata er definert som "S4 spesialområde verneverdig" Felles for desse kulturminna er at dei er direkte knytte til åi, og blir åi tørrlagt vil samanhengen og miljøet rundt kulturminna bli borte.

Å samanlikne tidlegare tidars utbygging av åi med det som er planlagt i dag blir heilt feil. I Lårdalsåi har det frå gammalt av vore fleire små kraftverk. Bygdi var tidleg eit senter for industriell aktivitet i Vest-Telemark.

Felles for desse kraftverka var at det skapte arbeidsplassar og aktivitet, i motsetning til det som er planlagt i dag, som bare tener investorane.

Vidare var det slik at dei berre nytta ein liten del av vatnet til kraftproduksjonen, **nå er det omvendt, dei vil la det renne ein forsvinnande liten del i åi.** Øvre kraftverk har ein slukeevne på 2000 l/s, nedre kraftverk 1.700 l/s, **både kraftverka vil etter utbygginga redusere dette til å la det renne 35 l/s i åi!!!**, dette vil i røynda bety at åi vert meir eller mindre tørrlagt.

- Den største ulempa ved utbygginga er sjølvsagt den reduserte vassføringa. Dette vil ein merke mest i Hommefossen. Den vil bli eit trist syn. Mange her i bygdi og bygdene rundt har eit spesielt "forhold" til den fossen.
- At Hommefossen forsvinn er også stort sett den einaste negative konsekvensen Tokke Kommune sin sakshandsamar kan sjå. Ein veit ikkje om det er kunnskapsløyse eller eit medvite forsøk på å fjerne fokus, men det tragiske i at Hommefossen forsvinn er berre ein av dei alvorlege fylgjene utbygginga vil gjera. **Det er dei 3 km av åi som vil verta tørrlagt** som blir den største konsekvensen; småfossar og stryk, kulpar, bakevjer, jettegryter og det tilhøyrande plante, dyre og fugleliv vil verta skadelidande. Ein vil bli sitjande att med litt sildring av vatn mellom steinane.
- Opplysningsvesenets Fond (Eik prestegard) er ein av fallrettshavarane. Ein er kjend med at OVF gong på gong bare har ein agenda, å få mest mogleg avkastning på eigedomane utan å ta nokon som helst omsyn til konsekvensane for lokalsamfunna.
- Tokke kommune er falleigar, aksjonær i VTK og dermed medeigar i begge utbyggingane, og ynskjer her å tyne Lårdals naturressursar for skatte og driftsinntekter.

Tokke kommune er vidare høringsinstans

Med andre ord, dobbelt opp : " BUKKEN OG HAVRESEKKEN".

- Det har storma rundt Tokke kommune sin behandling av Lårdal dei siste åra. Det tidlegare kommunesenteret og industribygdi Lårdal har, lik med andre bygdesamfunn, vorte innhenta av utviklinga i samfunnet, og ligg nå ribba tilbake. Nå vil Tokke kommune gje Lårdal ”dødsstøtet” ved å årelata bygda for nokon av dei siste verdiane som finst der utanom menneska sjølv. Dei vil frårøve Lårdal sitt unike klima og natur.

Me vil at dei komande generasjonar skal oppleve og glede seg over Lårdals unike natur.

ME VIL HA ÅI SLIK HO ER!

Me vonar og bed at alle dei som skal vurdere denne saka ser den enorme verdien Lårdalsåi har. At dei ser framover, og ser kor viktig det er å verne den for etterkomarane våre.

Lårdal er no den einaste bygda i Tokke Kommune som har eit større vassdrag som ikkje er direkte berørt av kraftutbygging, og har i meir enn 200 år vorte kalla «Edens Hage», ein oase med eit heilt unikt klima til glede for fastbuande og tilreisande. Også dei reisande på kanalbåtane M/S Henrik Ibsen og Victoria vil verta ein attraksjon fatigare når mellom ana Trisætfossen forsvinn. Kraftutbygginga på 50-60-talet gav både då og nå arbeidsplassar og gode inntekter. Dei fleste er vel i dag samde om at utbygginga tross store naturinngrep har vore til det beste/nødvendig for samfunnet. Men, me er i ein heilt annan situasjon i dag. Det er i dag kraftoverskot i Noreg og prisane på krafta er på historisk lågnivå, kvifor ein då med hjelp av subsidiar som er svært omtvista vil leggje Lårdalsåi i røyr er uforståeleg.

Utbyggjerane påstår at ei spørjeundersøking i grenda ”pårekneleg” vil gje eit positivt svar for utbygging.

Dette er sjølvsagt ikkje rett.

(Sjå vedlagte underskriftliste mot utbygging, som har 116 underskrifter frå personar over 18 år som har bustad/fritidsbustad i Lårdal. Dette utgjer eit overveldande fleirtal mot utbygging !

Helsing

«Nei til utbygging av Lårdalsåi»